



CAERUS ARCHITECTS AS

Ensjøveien 20  
0661 OSLO

Vår ref.  
2025/183-67

Dykkar ref.

Saksbehandlar  
Mona Gundersen

Dato  
17.04.2026

## Vedtak - søknad om endring av gitt tillatelse gbnr. 38/133

Søknad om endring av rammeløyve utstedt 14.08.2025 med endring 01.09.2025 og endring av IG 1 for dei same endringane. Søknaden er datert 24.03.2026, og tatt imot 24-03-2026. Tilbakemeldingar på nabovarsel og søkjar sine kommentarar på desse er motteke 15.04.2026.

**Eigedom/adresse:** Molandsmoen 57  
**Gbnr:** 38/133

**Fakta – grunnlag for søknad om endring:** byggas plassering på tomta er noko justert. Bygga er utvida med 7 m i kvar ende og 1 meter på kvar langside. Teknisk rom på tak er fjerna, fordi plassen må brukast til teknisk utstyr. Høgda på bygga er auka med 2,4 meter, gesimshøgda er fortsatt i henhold til reguleringsplanen 25 meter. Tekniske installasjonar på taket med tilhøyrande støyskjermer trekkast inn, og vil ikkje overstige 5 meter over gesimshøgda.

**Ansvarleg søkjar:** Caerus Architects AS  
v/Espen Viksjø  
Nadderudveien 72  
1362 Hosle

**Tiltakshavar:** Edgeconnex MCN Norway AS  
c/o: TMF Norway AS, 1371 Asker  
Richard Baddeley

Saka er behandla i samsvar med gjeldande reguleringsplan – Reguleringsplan for Molandsmoen industri og friluftsområde, planid: 202201.

### **Vurdering:**

Tiltaket er framleis i tråd med reguleringsplan for området på alle områder.

#### *Tilbakemeldingar i nabovarsel:*

Anette Lie gbnr. 38/28:Peiker på mangel på støyutredning, byggehøgder, vesentlig endring i plassering av bygg, vegetasjonsskjermens funksjon, lysforureining, Avvik frå planens forutsetningar og konsekvensutgreiing, endringer utløyser krav om reugleringsendring.

Jostein Nedrebø og Eldri Marie Metveit Nedrebø, gbnr. 38/24: Merkar seg at bygga aukar i omfang og kjem nærare eksisterande bustader en kva som tidlegare har vore lagt til grunn. Dei merkar seg også auka omfang av peling. Dette vil medføre større ulemper for dei som naboar. Dei opplev dagenssituasjon med støy og virbrasjonar som uholdbar. Dei spør og om utfoming i henhald til omgjenvnadane, jf. Pbl § 29-2. Det nemnast og strid i høve nabolova § 2.

Hallgeir Lund, gbnr.38/35: Stiller seg bak uttale frå Nedrebø og Lie.

Ådne Libjå, gbnr 38/26,114,118: Stiller seg bak uttalane frå Nedrebø og Lie. Peikar elles på støy og vibrasjonar som ei utfordring. Meinar og at plassering av bygga kjem 30 meter lenger vest.

#### *Kommentarar til nabovarsel:*

Endringane som denne søknaden gjeld er framleis i tråd med reguleringsplanen og krav stilt i denne. Endringssøknaden medfører ikkje krav om oppdatert konsekvensutgreiing, fordi omsøkt tiltak ikkje avviker frå planen. Kommunen har mottatt støyutgreiing.

Kommunen stiller seg elles bak kommentarane frå ansvarleg søker.

### **Ansvar:**

Erklært ansvar er uendra frå lgangsettingsløyve, delegert vedtak 20/26, 19.01.2026.

#### **Delegert vedtak – nr. 128/26**

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 blir det med dette godkjent endring av rammeløyve gitt i delegert vedtak 147/25, 14.08.2025 med endring i vedtak 155/25, 01.09.2025 og endring av lgangsetjingsløyve gitt i delegert vedtak 20/26, 19.01.2026 for tiltak på gbnr 38/133 slik innsendt søknad er framsett.
2. Erklærte ansvarsrettar fortsett uendra.

Vilkår i punkt 3 – 7 i tidlegare vedtak om rammeløyve gjeld vidare uendra. Det same gjeld generelle føresegner i tidlegare vedtak i saka.

Vedtaket er fatta med heimel i plan og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 med endringar og delegeringsreglementet for plan og bygningslova i Fyresdal kommune..

Vi gjer merksam på at det er stader i kommunen det førekjem store mengder radon. Dette må takast omsyn til ved prosjektering og utføring.

**Gebyr:**

Gebyr for behandling av søknaden kr 2 500,-

Gebyret blir sendt til: CTS NORDICS AS, Ensjøveien 20, 0661 Oslo

Med venleg helsing

Mona Gundersen  
*avdelingsingeniør*

*Dokumentet er sendt elektronisk og har derfor ikkje underskrift*